

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 17.06. 2011 kl. 15.30
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Per Berge, Arne Olav Stavseng og Hildegunn Brune
= 4 voterande

Kari Johansen hadde meldt forfall

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møte ordfører Frank Sve og rådmann Ann Kristin Langeland i sak 14/11.
Rådmann Ann Kristin Langeland var også tilstades i dei andre sakene medan økonomisjef Lars Birger Stige var tilstades under sakene 09/11, 10/11, 11/11, 12/11 og 13/11.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene vart behandla i denne rekkefølgen:

SAK 14/11

ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR OM FORRETNINGSMESSIG DRIFT

Ordfører ba om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31, 3. ledd. Kontrollutvalet gjorde so vedtak om å lukke møtet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Møtet blir opna.

SAK 09/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. MARS 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 15. mars 2011 blir godkjent.

SAK 10/11

ÅRSMELDING 2010 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 15.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Stranda kommune til orientering.

SAK 11/11

KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 15.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Stranda kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Kommunen må etablere rutinar for økonomisk oppfølging og prognosar slik at kommunestyret kan innrette sin budsjettkontroll og økonomiske vedtak med utgangspunkt i reelle økonomiske opplysningar.
3. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

SAK 12/11

REKNESKAP 2010 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Innstilling datert 15.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

SAK 13/11

REKNESKAP 2010 – STRANDAFJELLET KF

Innstilling datert 17.06.2011 frå kontrollutvalsetekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Strandafjellet KF sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Det blir vist til presisering i revisjonsmeldinga knytt til problem med innbetaling av leigeinntekter.

I innkallinga var det meldt ei mulig tilleggssak. Møte vart lukka. Etter ei totalvurdering fann kontrollutvalet ikkje å ville behandle saka eller gjere vedtak.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Arne Ola Stavseng
medlem
(sign.)

Per Berge
medlem
(sign.)

Hildegunn Brune
medlem
(sign.)